



Kneika ned på fotballplassen frå Geilo er populær når vinteren ein sjeldan gong er på visitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den store soldagen i Uskedalen vart avløyst av den store akedagen. Det kom ikke stort meir ein tomme snø måndagskvelden, men det var meir enn nok for dei mange akeglade i bygda.

Ikkje minst kneika ned på fotballplassen frå Geilo er populær når vinteren sin sjeldan gong er på visitt. Både elever på skulen og barnehagebarn var i aktivitet der utover tysdagen og ikkje minst dei som hadde ansvar for utebarnehagen var glad for det vinterlege innslaget. Dei har vore meir eller mindre "huslause" etter at storstormen la lavoen på Skårhaug flat og det har vore stilt store krav til kreativiteten kvar einaste dag. Men i går slapp dei å tenkja på kva dei skulle finna på – det klara ungene sjølve!

Og i dei høgare høgdelag er skiføret alldeles fantastisk, fortel dei spreke.

Av Ola Matti Mathisen